

ØVING ØVING ØVING

ER DU FØREBUDD
**OM DET
SKULLE SKJE
NOKO?**



ØVING: HALDE VARMEN

Kraftig storm fører til omfattande skadar på kraftleidningar. Titusenvis av husstandar **mistar straumen** i eit stort geografisk område, og **du bur midt i eit mørklagt nabolag**. Det er store skadar på vegar og annan infrastruktur.

Temperaturen ute er **5 °C** og fallande.

På grunn av mykje vatn og vind tar det **fire dagar** før arbeidet med atterreiseing kjem i gang.

Korleis halde varmen gjennom krisa?



Sjekk ut fleire øvingar på sikkerhverdag.no

TEST EIGENBEREDSKAPEN DIN

Har du ei varmekjelde som ikkje er avhengig av straum?

For eksempel vedomn, gassomn eller anna?

Ja Nei

Alle husstandar bør ha ein plan for å halde varmen ved eit langvarig straumbrot. Hugs at det er avgrensa kor mykje gass og brannfarleg væske du kan lagre i bustaden din.

Har du varme klede, pledd og soveposar til alle i husstanden?

Ja Nei

Er det vanskeleg å finne gode alternative varmekjelder som passar for deg, kan du avtale med naboar, familie eller vener om å gje deg husly.

Hugs at når straumen er borte, så har du heller ikkje lys. Har du ei lommelykt/hovudlykt med ekstra batteri?

Ja Nei

Ta ut batteria frå lykta om du ikkje brukar henne jamleg. Sjekk ein gong om året at lykta verkar, og at du har ekstra batteri.